



Roy Gustav Rasch
Røsvikdalen 21
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2525 - 14/13303

Saksbehandlar:
Nina Bakanova
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:
02.06.2014

Avslag på søknad om utviding av terrasse og utvendig bod Gbnr 188/456 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 094/14

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Roy Gustav Rasch

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utviding av terrasse og utvendig bod med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 6 m² og bygd areal (BYA) ca. 6 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 32 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.03.2014 og supplert 04.04.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 04.04.2014, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Fagmessig utførte teikningar
2. Komplette søknad

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 04.04.2014.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Felt E Knarvik er definert som bustad område .

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 20.03.2014.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endring

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Ingen endring

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Det følgjer av pbl § 29- 2 at «ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.

Det går fram av det innsendte materiell at det vert søkt om ein prinsippløysing for utviding av terrasse og utvendig bod som kan påverke den heilskaplege utforminga av rekkjehusa. Rekkja har i dag si opphavelige utforming og arkitektoniske uttrykk. Etter administrasjonen sin vurdering vil utviding av terrasse og utvendig bod bryte med dette, og verte eit framandelement i høve til dei resterande bustadane i rekkja.

Administrasjonen meiner at omsøkte tiltak bryt med bygningens eigenart.

Administrasjonen er ikkje negativ til at det vert gjort endringar for rekkjehusa, men meiner at dette må skje gjennom ei samla utbygging, slik at ein får ein heilskapleg vurdering av korleis utbygging skal skje, og at dette ivaretar rekkjene sitt arkitektoniske uttrykk.

Så vidt vi kan sjå er det gjort utviding av utvendig bod på gbnr 188/455 (sjå bilete) som ser tilnærma likt ut som det omsøkte tiltaket. Administrasjonen kan ikkje finne i sine arkiv at desse endringa er omsøkt og godkjent.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 29-2 vert det ikkje gjeve løyve til tiltak for utviding av terrasse og utvendig bod.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2525

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Tilbygg < 50 kvm		6.200,-
	Totalt gebyr å betala		6.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken

på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2525

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Roy Gustav Rasch

Røsvikdalen 21 5914

ISDALSTØ